



MØTEINNKALLING

Organ: FYLKESRÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møtestad: Fylkeshuset - Leikanger

Møtedato: 23.11.2016

Tid: 10:30

Medlemene blir med dette innkalla til møte som nemnt ovafor. (Ev. forfall må meldast hit straks.)
Varamedlemer møter berre etter nærmere varsel. Saksdokumenta er utlagde på *

SAKSLISTE

Desse sakene ligg føre:

Saksnr.	Arkivsaksnr. / Tittel
----------------	------------------------------

16/16	16/8498 Møtedatoar 2017 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
17/16	16/8886 Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland
18/16	16/8888 Oppfølging av arbeidsplan for fylkesrådet i 2017
19/16	16/8499 Skriv og melding 23. november 2016 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne



Klikk her for å last ned dokumentet. Først last sammendelen du ikke ønsker lastet ned. Klikk deretter på knappen last ned til høyre nedenfor.

FYLKESRÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Saksnr.: **Møtedato:** **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**
16/16 23.11.2016 16/8498 36391/16

Sakshandsamar: Anne-Kjersti Stenehjem

Handsaming i organ Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	Møtedato	Saksnr. 23.11.2016 16/16
---	-----------------	------------------------------------

Møtedatoar 2017 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Møteplan for 2017 vert vedteken slik den ligg føre:

9. februar
27. april
6. juni
19. september
28. november

Møteplan for 2017 vert vedteken slik den ligg føre:

9. februar
27. april
6. juni
19. september
28. november
Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Det er ynskjeleg at møteaktiviteten held fram tilsvarande som i 2016. Det vert planlagt og datofesta fem møter i 2017. I tillegg kan det kome ekstra møter etter behov, samt at rådet får aktivitetar i samband med kurs og konferansar.

2. Bakgrunn for saka

Budsjettramma for rådet sine aktivitetar er avgrensa. Reglement for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane vart vedteke av fylkestinget i sak nr. 36/07, med heimel i §1 Lov av 17.06.05 om råd og anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Reglementet vart revidert i fylkestinget, sak 18/15.

3. Vurderingar og konsekvensar

I samsvar med reglementet held rådet møte når leiaren finn det naudsynt eller minst to av medlemene ber om det. Dei planlagde møta skal så langt som råd vere tilpassa slik at saksdokument vert lagt fram i god tid før fylkestinget skal handsame sakene. I dei tilfelle sakene skal avgjerast i fylkesutvalet, hovudutvala, styre eller råd, må rådet ha saksdokumenta til handsaming før vedkommande organ handsamar saka. Målsetjinga er at rådet si fråsegn skal vere kjend ved handsaminga i hovudutvalet.

4. Konklusjon

Aktivitetar i samband med kurs og konferansar må vurderast opp mot budsjettetramma for 2017.
Det er tilrådeleg å legge møta kvartalsvis gjennom året og på tidspunkt der det vert mogleg å komme med innspel til relevante politiske avgjelder.



FYLKESRÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Saksnr.: **Møtedato:** **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**
17/16 23.11.2016 16/8886 38366/16

Sakshandsamar: Anne-Kjersti Stenehjem

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	23.11.2016	17/16

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

Innspel til intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vert formulert i møte 23. november 2016.

Innspel til intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vert formulert i møte 23. november 2016.

SAKSFRAMSTILLING

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland er no ute på ei brei, offentleg høyring i perioden 26. oktober til 23. november.

Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar har saman arbeida fram intensjonsplanen for samanslåing. Målet med høyringa er å få inn grunngjevne synspunkt, tydelege argument og konstruktive innspel til arbeidet med regionreforma. Intensjonsplanen bør belysast frå fleire sider og på ein grundig måte. Alle – privatpersonar, kommunar, lag, organisasjonar og næringslivet – kan kome med innspel. Høyringsfristen er 23. november.

Fylkeskommunen ber særleg om tilbakemelding på følgjande tema:

- Synspunkt på om Sogn og Fjordane bør vere med og søkje Stortinget om samanslåing av dei tre vestlandsfylka, slik den framforhandla intensjonsplanen legg opp til (jf. vedlegg 1).
- Synspunkt på ytterlegare krav og ønske som vi kan ta med oss i arbeidet med å utvikle ein eventuell vestlandsregion. Dette kan også vere supplement til «kravlista» som ligg i punkt 10 i nemnde intensjonsplan.

Informasjon om intensjonsplanen finn de her: <http://www.sj.no/høyring-intensjonsplan-for-samanslaing.397010.nn.html>



Klikk her for å last ned dokumentet. Først kan du se hvilke filer som er tilgjengelig. Klikk deretter på ønsket fil for å laste ned.

FYLKESRÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Saksnr.: **Møtedato:** **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**
18/16 23.11.2016 16/8888 38375/16

Sakshandsamar: Anne-Kjersti Stenehjem

Handsaming i organ Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	Møtedato	Saksnr.
	23.11.2016	18/16

Oppfølging av arbeidsplan for fylkesrådet i 2017

Kva spesielle tiltak som skal fylgjast opp i arbeidsplanen i 2017, vert lagt fram i møte frå medlemmene i fylkesrådet

Kva spesielle tiltak som skal fylgjast opp i arbeidsplanen i 2017, vert lagt fram i møte frå medlemmene i fylkesrådet

SAKSFRAMSTILLING

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok fylgjande i møte 16. mars 2016:

Arbeidsplan for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Mål:

- *Innbyggjarane i Sogn og Fjordane veit kven vi er, kva saker vi har jobba med, og kva som kan brukast vidare i neste periode*
- *Fylkespolitikarane skal vite kva fylkesrådet er og kva vi jobbar med - fylkestinget/fylkeskommunale organa oppsøker aktivt fylkesrådet*
- *Rådet ynskjer å engasjere seg i offentleg tenesteyting, opplæring og universell utforming*

Tiltak:

- *Informasjonsbrosjyre (digital) - om fylkesrådet og samleinformasjon, dagsaktuelle ting*
- *Konferanse - kommunane - konferanse for heile fylket eller regionvis?*
- *Aktive i media - fronte saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne*
- *Synleg i fylkesting og fylkesutval*
- *Oppsøke og informere alle partigruppene*
- *Invitere leiarane for hovudutvala (inkl. fylkesdirektørane) til dialog med fylkesrådet. Kva ser for eksempel hovudutvala for seg av kva som er utfordringar og kva fylkesrådet kan engasjere seg i*
- *Representantane i fylkesrådet som representerer SAFO og FFO ha dialog med brukarorganisasjonane, for å få innspel på viktige saker som fylkesrådet bør jobbe med*
- *Samarbeid med dei kommunale råda - få innspel og drive oppfølging*

I 2017 arrangerer fylkesrådet for menneske med nedsett i funksjonsevne i Sogn og Fjordane landskonferanse saman med Hordaland og Rogaland. Landskonferansen vert i Stavanger 31. oktober – 1. november 2017, og arbeidet er kome godt i gang.

Kva spesielle tiltak skal fylgjast opp i arbeidsplanen for 2017? og korleis skal tiltaka fylgjast opp?



FYLKESRÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Saksnr.: **Møtedato:** **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**
19/16 23.11.2016 16/8499 36396/16

Sakshandsamar: Anne-Kjersti Stenehjem

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	23.11.2016	19/16

Skriv og melding 23. november 2016 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

1. **Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande**
2. **Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar om kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak**

1. **Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande**
2. **Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar om kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak**

Vedlegg:

Fråsegn frå rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaular kommune
Kjøp av rutetenester 2017

Informasjon om planvedtak – strategisk plan for kysten

Regionalt brukarutval i Helse Vest 2017 – 2019

TT-ordninga

Meldesak 1) Fråsegn frå rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaular kommune til Sogn og Fjordane fylkeskommune

Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaular kommune har sendt inn fråsegn om:

- Ordningane med serviceskyss og TT-kort
- Vurdere å opprette bestillingsruter der kollektivtilbodet vert redusert
- Fylkeskommunen ikkje har sendt ut rutehefte for 2016

Meldesak 2) Kjøp av rutetenester 2017

Hovudutval for samferdsle har 25. oktober 2016 i sak 45/2016 vedteke rutetilbodet i 2017.
Saksprotokollen frå den politiske handsaminga av saka er vedlagt.

Rutekjøpssaka i år omhandlar mellom anna:

- Oversikt og evaluering av gjennomførte innsparingstiltak
- Innspel frå kommunar og andre interesserte
- Innsparingsstiltak 2017
- Prosess innsparingstiltak 2018 - 2019
- Takst for ferje, båt og buss i 2017

Meldesak 3) Informasjon om planvedtak – strategisk plan for kysten

Kysten står framfor endringar i demografi, klima, arbeidsplassar og næringsstrukturar.

Strategisk plan for kysten 2018 - 2029 styrer arbeidet med å vidareutvikle kystregionen, og å skape vekstkriftige og verdiskapande samfunn. Hovudmålet er «ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og mange gjestande.»

Fylkesutvalet fastsette 2. november 2016 planprogrammet for strategisk plan for kysten. Det definerer mål og innhald i planarbeidet vidare. Fylkeskommunen fekk mange innspel til planarbeidet i høyringsperioden som no er innarbeidd i planprogrammet.

Meldesak 4) Oppnemning av regionalt brukarutval i Helse Vest 2017 – 2019

Styret i Helse Vest oppnemnde i styremøte 2. november 2016 medlemmer og vara-medlemmer til det regionale brukarutvalet i Helse Vest RHF for funksjonsperioden 1. januar 2017 – 1. januar 2019. Sjå vedlegg for oversikt medlemmer og varamedlemmer. Brukarutvalet konstituerer seg sjølv på det første møtet for det nye utvalet, og det skal veljast ein leiar og ein nestleiar.

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) i Hordaland, Sogn og Fjordane, Rogaland, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO Sørvest), eldreråda i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland, Kreftforeningen og Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO) har sendt inn forslag til representantar til Regionalt brukarutval i Helse Vest for funksjonsperioden 2017 - 2019. Forslaget frå organisasjonane medfører at FFO får to medlemmer frå kvart fylke, medan SAFO, eldreråda, Kreftforeningen og RIO får ein medlem kvar i Regionalt brukarutval.

Meldesak 5) Tildeling av midlar til utvida TT-ordning 2. halvår 2016

Samferdsledepartementet inviterte til å søkje om midlar til utvida TT-ordning, og Sogn og Fjordane søkte om midlar, men fekk ikkje tildeling av ekstra midlar. I invitasjonen gjekk det fram at dei tre fylka som allereie var omfatta av forsøksordninga, ville bli prioriterte.

Samferdsledepartementet valde Aust-Agder, som kan tilby brukarane i dette fylket 200 turar innanfor den tilgjengelege budsjettetramma.

Det vert orientering i møte 23. november frå samferdsleavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune om TT-ordninga.

Meldesak 6) Ymse

